



Karl Atle og Eva Karin Taule  
Radøyvegen 1400  
5936 MANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/876 - 14/11605

Saksbehandlar:

Kjersti Flatråker

kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:

23.10.2014

## Delingssak gbnr 52/2 Kolstad - søknad om deling - heilårsbustad - utsending av vedtak etter plan- og bygningslova

### Melding om vedtak – deling – ny grunneigedom for eksisterande heilårsbustad

Saka vart handsama av hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 15. oktober 2014, der følgjande vedtak vart fatta:

#### Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 084/2014

##### **PLT - handsaming:**

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

##### **PLT - vedtak:**

Det vert gjeve dispensasjon og løyve til deling av eigedom med våningshus på gnr. 52 bnr. 2 på følgjande vilkår:

1. Eigedomen kan vere inntil 2 mål og skal arronderast naturleg i terrenget rundt eksisterande bustad.
2. Eigedomen skal ha tinglyst rett til å nytte eksisterande tilkomstveg på gnr. 52 bnr. 2.
3. Eigedomen skal ha tinglyst rett til å føre fram vatn- og avlaupsleidingar over gnr. 52 bnr.2.
4. Eigedomen får gjerdeplikt.
5. Det må søkjast om utsleppsløyve og tilkobling til offentlig leidningsnett.

Grunngjeving av vedtaket er at dei omsyna som ligg bak byggje- og deleforbodet ikkje vert vesentleg tilsidesett, og at fordelane ved å gje dispensasjon vert klårt større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1m, jf. § 19-2, § 11-6 og § 27-2, samt naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Om det ikkje kjem klage på vedtaket vert saka sendt vidare til oppmålingsavdelinga i kommunen som tek kontakt før oppmålingsforretning. Før oppmåling kan skje må de levere inn eit kart som syner korleis de vil disponere arealet jfr vilkår nr 1 i vedtaket.

Med helsing

Kjersti Flatråker  
arealplanleggjar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Delingssak gbnr 52/2 Kolstad - deling eksisterande einebustad - dispensasjon i frå arealføremål LNF i kommuneplan

### **Mottakarar:**

Karl Atle og Eva Karin Taule

Radøyvegen 1400 5936

MANGER